



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar/interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 14/2012

Dykkar ref:

Vår ref
2012/2349-2

Saksbehandlar
Wenche Lyngstad

Dato
24.09.2012

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Forslag til mindre reguleringsendring av føresegnene til reguleringsplan DALELIA 2, slik det går fram av vedlagde reguleringsføresegner – Nytt forslag, blir vedteke.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen
E-post:
postmottak@frana.kommune.no

Besøksadresse
Kommunehuset

www.frana.kommune.no

Telefon
71 26 81 00
Telefaks
71 26 81 90

Bank
4100 07 20001
Org.nr
845 241 112

MINDRE REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: DALELIA 2
Vedteke / stadfesta: 14.11.11
Planident: 10007

Bakgrunn :

Det er oppdaga to skrivefeil i føresegnene for reguleringsplan for DALELIA 2.

I § 4.10.1 står det B4 i staden for B5 og i § 5.3 står det pGV3 i staden for pGV2.

Dette er derfor foreslått retta opp, slik at det ikkje blir mistydingar av føresegnene.

Med bakgrunn i dette har Fræna kommune sett i gang ei mindre reguleringsendring av vedtekne føresegner for reguleringsplan DALELIA 2. Planen og føresegnene vart vedteken i kommunestyret 14.11.11.

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for bustadbygging i området.

Formålet med endringa av reguleringsføresegnene:

Å endre frå B4 til B5 i § 4.10.1.

Å endre frå pGV3 til pVG2 i § 5.3.

Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd.

Merknader:

Fræna kommune har ikkje motteke merknadar til utsending av førehandsvarsel datert 28.08.12, med vedlagde føresegner – Nytt forslag.

Jamfør § 12-14 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygningssjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre reguleringsendring av føresegnene til reguleringsplan DALELIA 2, slik det går fram av vedlagde reguleringsføresegner – Nytt forslag, blir vedteke.